



HARDANGERFJORD VILLFISKLAG
Røynstrand
5736 GRANVIN

Dato: 25.02.2016
Vår ref.: 2015/11975-38
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Lokale miljø- og klimatiltak- søknad frå Hardangerfjordseminaret UNG om støtte til arrangement

Vi viser til søknaden dykker om tilskot til lokale klima- og miljøtiltak datert 12.1.2016. De søkte om kr. 50.000,- Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 50.000,- til Hardangerfjordseminaret UNG frå budsjettet for lokale klima- og miljøtiltak 2016.

Beløpet blir overført til kontonummer: **3450 35 68340**

1. PROSJEKTGRUNNLIG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

Å gjennomføre Hardangerfjordseminaret UNG 2016

Mål for prosjektet:

- Å gjere elevane kjende med nærmiljøet sitt
- Vekke interesse for den biologien som vi finn i fjorden og knyte dette opp til teorien som dei lærer i faget.
- Vekke interesse og glød innan det fagvalet dei har teke, også med tanke på vidare utdanning og lokale jobbmøgleheter.

2. PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Sven-Helge Pedersen

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilseigna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

4. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Karen Louise Nybø, som de kan kontakte på tlf. 55 23 93 18 eller e-post: Karen.Louise.Nybo@hfk.no.

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Akseptskjema
- 2 Sluttrekneskapsskjema